1.5.1 Retningslinje – Særlege reglar for Hornindalsvassdraget og Stigedalsvassdraget

Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag skal leggjast til grunn for frådeling og bygging i 100-metersbeltet langs Hornindalsvassdraget og Stigedalsvassdraget med tilhøyrande nedbørsområde. I tillegg gjeld kommunedelplanen for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget.

1.6 Universell utforming

Prinsippa for universell utforming skal leggast til grunn ved planlegging og søknad om løyve til tiltak.

Nye publikumsbygg skal ha automatisk døropnar mot gateplan for å sikre tilgjenge for ålmenta. Tilsvarande vil gjelde i samband med ombygging av eksisterande bygg til publikumsbygg. Unntak frå kravet må vurderast etter pbl. § 31-2.

Alle gaterom, slik som plassar, allmenningar, gater og parkar, skal gjevast universell utforming med vekt på tilgjenge for alle.

Tiltak som betrar tilgjenge i historiske/verdifulle bygg, anlegg og miljø og som på ein god måte kan kombinerast med verneomsyn skal prioriterast. Tilsvarande gjeld for område avsett til bevaring eller bevaringsverdige hus, konstruksjonar m.m.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 5.

1.7 Krav til parkering

Følgjande føresegne for avkøyrsler og parkering av bilar, motorsyklar og syklar gjeld med mindre anna følgjer av reguleringsplan som gjeld før arealdelen, jf. vedlegg 2.

Parkeringsplassar og gate skal opparbeidast i samsvar med retningslinjer etter kommunal veg- og gatenorm og kommunedelplan for veg- og trafikktrygging.

Bustadbygg skal ha oppstillingsplass på eigen tomt eller på fellesareal for fleire tomter for 1 bil pr. bustad, samt 0,25 bil pr. bustad for besøkande. Dersom bustaden i tillegg har utleigeleilegheit/hybel skal det vere 1 biloppstillingsplass per utleigeleilegheit/hybel.

For hybelbygg krev ein 1 bil pr. andre bueining, samt 0,25 bil pr. andre bueining for besøkande.

Bygg eller del av bygg som skal nyttast til kontor- eller forretningsverksemd, skal ha oppstillingsplass på eigen tomt eller på fellesareal for fleire tomter, for minst 1 bil pr. 50 m² bruksareal. Forretningsverksemder skal i tillegg ha areal for oppstilling av vare- og lastebilar.

Institusjonar, hotell, restaurantar, forsamlingslokale, teater, skular, idrettsanlegg, sjukehus og andre bygningsanlegg der særlege forhold gjer seg gjeldande, skal ha tilstrekkeleg oppstillingsplass for bilar på eigen eigedom og tilfredsstillande ut- og innkøyringsforhold

Kommunen kan samtykke i at det i staden for biloppstillingsplassar på eigen grunn eller på felles areal i sentrum blir innbetalt ein sum pr. manglande plass til kommunen for bygging av parkeringsanlegg, jf. ei til kvar tid gjeldande frikjøpsordning i kommunen sitt gebyrregulativ.

Ved motstrid mellom parkeringsføresegner i reguleringsplan eldre enn 10 år og ovannemnde parkeringsføresegner, vil nyare føresegner i kommuneplanens arealdel gjelde framfor eldre reguleringsføresegner, jf. pbl. § 1-5.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 5.

1.8 Krav til vurdering av naturmangfald

Ved planlegging og realisering av nye bygge- og anleggstiltak skal naturmangfaldet i området kartleggast og prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12 skal vurderast.

1.9 Kulturminne

1.9.1 Bevaringsverdige og særprega kulturmiljø

Kommunen skal syte for at historisk, arkitektonisk eller annan kulturell verdi som knyter seg til ei bygning sitt ytre og omliggande miljø, så langt mogleg vert bevart, jf. pbl. § 31-1. Skilt og reklameinnretningar skal i grafisk utforming, materialbruk, utføring og fargar vere underordna desse omsyna.

Eid kommune kan i medhald av pbl. § 31-4, jf. byggesaksforskrifta kap. 19 pålegge utbetring av bygg med høg bevaringsverdi slik at dei ikkje går tapt grunna manglande sikring eller istandsetting.

Ved istandsetting av SEFRAK-registrerte bygningar skal takform, fasadar, vindaugsinndeling, dør- og vindaugsutforming oppretthalden i mest mogleg grad tilbakeførast.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 7.

1.9.1.1 Retningslinje for riving eller vesentleg endring av bevaringsverdige og særprega kulturmiljø

Ved riving eller vesentleg endring av bevaringsverdige og særprega kulturmiljø skal kulturminne dokumenterast. For bygg og anlegg oppført før 1900 skal det ligge føre ein kulturminnefagleg dokumentasjon saman med rivemeldinga. Kulturminnefagleg dokumentasjon skal innehalde oppmålingsteikningar av plan, snitt og fasadar samt fotodokumentasjon av bygningen eller anlegget si plassering i omgjevnadane, fasadar, konstruksjon og anna inventar som vitnar om bygget eller anlegget sin opphavlege bruk.

Søknad om riving eller vesentleg endring av ikkje freda byggverk eller anlegg oppført før 1850 skal sendast til regional kulturminneforvaltning seinast fire veker før søknaden avgjerast, jf. kulturminnelova § 25. Dersom regional kulturminneforvaltning uttalar seg mot riving eller vesentleg endring, skal vedtak om riving eller vesentleg endring av slike byggverk og anlegg straks sendast til regional kulturminneforvaltning, jf. kulturminnelova § 25.

1.9.2 Omgjevnadane til freda bygningar

Ved søknad om løyve til tiltak i nærleiken av freda bygningar skal det takast særleg omsyn til bevaring av omgjevnadane. Ved handsaming av byggesøknadar skal regional kulturminneforvaltning gjevast moglegheit til uttale før vedtak

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 7.

1.9.3 Retningslinjer for sakshandsaming av SEFRAK-bygg

Ved handsaming av tiltak på SEFRAK-registrerte bygningar og andre bygningar som kommunen finn kan ha historisk, arkitektonisk og/eller kulturell verdi skal det gjerast ei særleg vurdering av verneverdien.

Planar om endra bruk av einskilde bygg, tilbygg, påbygg, ombygging, riving eller utvendige reparasjonar og oppussing av prinsipiell karakter skal leggast fram for regional kulturminneforvaltning til gjennomsyn og uttale før kommunen handsamar planane.

Ved istandsetjing av SEFRAK-registrerte bygningar skal målestokk, takform, fasadar, vindaugsinndeling, dør- og vindaugsutforming i størst mogleg grad oppretthaldast eller tilbakeførast. Eventuelle fasadeendringar eller tilbygg skal vere av god arkitektonisk kvalitet.

Søknad om riving eller vesentleg endring av ikkje freda byggverk eller anlegg oppført før 1850 skal sendast til regional kulturminneforvaltning seinast fire veker før søknaden avgjerast, jf. kulturminnelova § 25. Dersom regional kulturminneforvaltning uttalar seg mot riving eller vesentleg endring, skal vedtak om riving eller vesentleg endring av slike byggverk og anlegg straks sendast til regional kulturminneforvaltning, jf. kulturminnelova § 25.

1.10 Skiltføresegner

Oppsetting av skilt og reklame er søknadspliktig etter pbl. § 20-1 fyrste ledd bokstav i).

Unntak gjeld for arenareklame vendt inn mot arenaen.

Med skilt og reklame meinast reklameinnretningar (tekst, plakatar over 0,5 m^2, plakatrammer, skilt, bilde, symbol, figurar, ballongar, vimplar, flagg, lys, segl), lysreklame, vindaugsreklame, reklametavle, gatebukkar (flyttbare innretningar for plakatar, vimplar, flagg, vippeskilt, vareeksponering og anna lausfotreklame), tilfeldig reklame (reklameinnretning og plakatar som klistrast eller vert hengt på veggar, stolpar, gjerder og liknande), logoar mv.

Skilt og reklameinnretningar skal ha ei utforming som stettar estetiske omsyn både i høve til seg sjølv og det omkringliggande nærmiljø, og dei skal ikkje verke sjenerande. Dominerande skilt og reklame er ikkje tillate. Skilt og reklameinnretningar skal ikkje vere eller verke samanhengande over heile eller store deler av fasaden.

På samanhengande bygningsrekkje skal det leggjast opp til einsarta lyssetjing og ei mest mogleg einsarta utforming på skilta.

Det kan gjerast unntak for skilt som er naudsynte for funksjonar i bygget.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 5.

1.10.1 Skilt-, informasjon- og tilvisingsplan

Kommunen kan krevje utarbeidd ein samla skilt, informasjon og tilvisingsplan for eit bygg, ei bygningsgruppe eller ei verksemd. Dette er særleg aktuelt:

1. når omfanget og utsjånaden av eksisterande skilt og reklame på bygning/eigedom tilseier ei opprydding.
2. ved nybygg eller ved endring av eksisterande fasade.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 5.

1.10.2 Særlege reglar for skilt i Eidsgata og tilhøyrande sidegater

For kvar verksemd er det tillate med eitt uthengsskilt og eitt veggskilt på kvar fasade langs fortau eller gate. For bygningar som inneheld fleire enn to verksemder, kan uthengsskilt forbydast. Dersom verksemda har både logo og namn, vert dette rekna som eitt skilt.

Uthengsskilt skal ha storleik og fargar som er tilpassa bygningen og anna skilting.

Uthengsskilt kan ha ein storleik inntil 1,0 m^2. Fri høgd over fortau skal være minst 2,5 m. Avstand frå fortauskant skal ikkje være mindre enn 0,5 m. Skiltet skal ikkje være til fare eller hinder for gåande. Det er opning for å nytte ein enkel vimpel som uthengsskilt.

Storleiken på andre skilt enn uthengsskilt må ikkje overstige 3 m^2. Bygningsmynda kan tillate større skilt dersom storleiken på bygget tillatar der, slik at skiltet ikkje verkar dominerande i høve til bygningen og i høve til andre bygningar.

Skilt på bygningar regulert til spesialområde for bevaring skal ha ein form og farge som står i harmoni med bygget. Fargen på skiltet bør vere avdempa.

Skilt eller reklameinnretningar må ikkje plasserast på møne, takflate, takutstikk eller gesims. Gesimsar utforma som lysande, sjenerande kasser er ikkje tillate.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 5.

1.10.3 Plakatar

Tilfeldig reklame skal setjast opp på særskilte tavler. Plakatar, transparentar og vimplar skal fjernast når dei er forelda.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 5.

1.10.4 Gatebukkar

Ved plassering av gatebukkar skal ein ta særleg omsyn til at ein ikkje skaper hindringar for alminneleg ferdsel.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 5.

1.10.5 Vindaugsreklame

Vindaugsreklame skal ikkje dekkje meir enn 30 % av glasflata. Reklame som er ein naturleg del av ei skiftande vindaugsutstilling er unnateke.

Blending av vindauge er ikkje tillate.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 5.

1.10.6 Retningslinje for skilt ved fylkesveg og riksveg

Ved søknad om skilt og reklame nær veg, gate eller fortau som er del av fylkes- eller riksveg skal Statens vegvesen høyrast før slike skilt/reklame kan plasserast, jf. veglova §§ 33 og 57 nr. 2.

Nærare rettleiing er å finne i gjeldande handbok frå Statens vegvesen: *Reklame og trafikkfare Nr. V323 i Statens vegvesens Håndbokserie*

1.11 Brann

For alle søknadspliktige tiltak i eller rundt bygg med verne- eller bevaringsverdi skal ein ta særskilt omsyn til brann og faren for brannspreiing. Kommunen kan krevje at det skal gjennomførast ei brannteknisk prosjektering av tiltaket.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 7.

1.11.1 Retningslinje for brannprosjektering

Brannteknisk prosjektering bør gjennomførast av eit kompetent føretak med tiltaksklasse 3 innanfor brannteknisk prosjektering.

1.12 Utbyggingsavtalar

Eid kommunestyre fastset rammene og retningslinjene for utbyggingsavtaler i Eid kommunen.

Eid kommunestyre har gjort følgjande vedtak om bruk av utbyggingsavtaler, sak KS-093/06:

1. Med heimel i plan- og bygningsloven § 64 vert det fatta vedtak om bruk av utbyggingsavtalar i Eid kommune.

2. Utbyggingsavtalar kan nyttast i heile kommunen.

3. Utbyggingsavtalar skal normalt nyttast for felt med 6 bueiningar eller meir. For industri, næring, kontor m.m. bør utbyggingsavtaler nyttast ved utbygging av nye næringsareal.

4. Utbyggingsavtalar kan innehalde vilkår om gjennomføring av tiltak nedfelt i kommuneplan og tematiske kommunedelplanar

5. Teknisk infrastruktur skal byggast ut i samsvar med dei standardar og den kapasitet kommunen krev.

6. Utbyggar skal dekke dei interne kostnadene for utbygging av infrastruktur i feltet, og i tillegg ein høvesvis del av øvrig infrastruktur som må opparbeidast eller oppgraderast som følgje av utbygginga (veg, parkering, vatn- og avløp, energi, grønstruktur, gang- og turløype mv.).

7. Utbyggingsavtalene skal ta omsyn til og sørgje for gjennomføring av bustadpolitiske tiltak, heimla i vedtekne kommuneplanar.

8. Utbyggingsavtalar skal godkjennast av kommunestyret etter tilråding frå teknisk utval, og ordførar underteiknar avtalen etter at den aktuelle avtalen er godkjent.(23 røyster.)

9. Retningslinjer for bruk av utbyggingsavtaler i Eid kommune skal rullerast minst kvart 4. år, helst i tilknyting til kommuneplanarbeidet.

Ein føresetnad for at kommunen skal overta eit teknisk anlegg i frå utbyggjar, er at det på førehand blir inngått ein utbyggingsavtale , jf. pbl. § 17-2. 1 .

Utbyggingsavtalar skal normalt nyttast for felt med 6 bueiningar eller meir. For industri, næring, kontor m.m. bør utbyggingsavtaler nyttast ved utbygging av nye næringsareal.

Utbyggingsavtalene skal ta omsyn til og sørgje for gjennomføring av bustadpolitiske tiltak, heimla i vedtekne kommunale planar.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 2.

1.12.1. Retningslinjer for utbyggingsavtaler

Følgjande retningslinjer gjeld for utbyggingsavtalar:

1. Utbyggingsavtalar kan innehalde vilkår om gjennomføring av tiltak nedfelt i kommuneplan og tematiske kommunedelplanar.

2. Teknisk infrastruktur skal byggast ut i samsvar med dei standardar og den kapasitet kommunen krev.

3. Utbyggar skal dekke dei interne kostnadene for utbygging av infrastruktur i feltet, og i tillegg ein høvesvis del av øvrig infrastruktur som må opparbeidast eller oppgraderast som følgje av utbygginga (veg, parkering, vatn- og avløp, energi, grønstruktur, gang- og turløype mv.).

1.13 Offentleg vatn og avløp

Tiltak skal gjennomførast i samsvar med ei til kvar tid gjeldande vatn og avløps norm (VA-norm) for Eid kommune.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 3.

1.14 Privat vatn og avløp

Utsleppsløyve er nødvendig ved utslepp av avløpsvatn frå bustad, fritidsbustad og andre bygningar med innlagt vatn når utsleppet skal knytast til mindre avløpsanlegg.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 3.

1.14.1 Retningslinje til sanitærteknisk standard i bygningar utan innlagt vatn

Utslepp av gråvatn
Tilrådde reinseløysingar for utslepp av avløpsvatn frå vask, dusj, utslagsvask og liknande

1. Slamavskilling og synkekum for infiltrasjon i grunnen:
   Slamavskilling kan skje anten ved installering av slamavskiljar eller filterposekum. Slamavskiljar vert berre tillate der det er køyrbar tilkomst med tømebøl. Løysinga vert ikkje godkjent i område med tett busetnad.
2. Tett tank:
   Det skal vere alarm for høg vasstand. Det skal vere køyrbar tilkomst til tanken heile året. Tankvolum skal vere minimum 3 m^3.
3. Biologisk filter:
   Skal utførast i samsvar med krava i VA/Miljøblad.
4. Infiltrasjonsanlegg:
   Skal utførast i samsvar med krava i VA/Miljøblad.

Moglege toalettløysingar:
Tilrådde toalettløysingar:

1. Biologisk toalett
2. Forbrenningstoalett
3. Toalett med vasspyling:
   Type som er meint for hytter utan innlagt vatn i kombinasjon med tett tank. Det skal vere alarm for høg vasstand. Det skal vere køyrbar tilkomst til tanken heile året. Tankvolum skal vere minimum 3 m3.
4. Utedo:
   Ikkje i område med tett busetnad.

Alle kumlokk skal vere lett tilgjengelege for inspeksjon og eventuell tøming. Kumlokk skal ikkje overbyggast.

1.15 Veg

Endring av veg og oppretting av ny veg skal utførast i samsvar med ei til kvar tid gjeldande kommunalteknisk veg og gatenorm for Eid kommune.

Vegnormalar i Statens vegvesen si handbok N100 (veg- og gateutforming) med rettleiing i handbok VI 21 (geometrisk utforming av veg og gatekryss) vert lagd til grunn.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 3.

Del 2: Spesielle føresegner til kommuneplanen sin arealdel og utfyllande retningslinjer

2. Område for bygningar og anlegg

Føremålet gjeld byggeområde for bygningar og anlegg, slik som bustadar, fritidsbustadar, offentleg og privat tenesteyting, råstoffutvinning, næringsbygningar, idrettsanlegg, og andre typar bygningar og anlegg. Som del av føremålet vert og rekna tilhøyrande infrastruktur og naturleg tilhøyrande bygningar og anlegg.

2.1 Retningslinje – område for bygningar og anlegg

Ved søknad om løyve til oppføring av større bygg og tiltak, slik som bustadar, fritidsbygningar, næringsbygg, sjøhus og naust, skal det utarbeidast ein detaljert utomhusplan som viser tomteinndeling, plassering og hovudform på bygningar, parkering, veg og anna infrastruktur. Inkludert høgder på terreng og bygningar. Fasade- og snitteikningar som viser opphavleg og nytt terrengnivå og teikningar som viser terrengplassering i høve til nabobygg skal følgje søknaden, der dette er relevant.

2.2 Bustadområde

I område der det ikkje er stilt krav om reguleringsplan, jf. pkt. 1.3 og vedlegg 1, vil ei samla utbygging av fire eller fleire bustadar utløyse krav om reguleringsplan.

Med mindre anna følgjer av reguleringsplan som gjeld før arealdelen skal bustadeigedomen ha eit maksimalt BYA på 30%. Maksimal mønehøgde er 9 meter. Tomtestorleik for frådeling til bustad bør ikkje overskride 1 daa.

Til kvar bustad skal det vere tilfredsstillande uteareal til leik og opphald, jf. pbl. § 28-7 andre ledd.

Tiltak på bustadeigedomen, som til dømes garasjar, skal tilpassast kringliggande bygg og ha gode visuelle kvaliteter, både i seg sjølv og i forhold til bustadens naturlege omgjevnad og plassering. Bustadeigedomen skal ha naudsynt tilkopling for veg, vatn og avløp.

Heimel: Pbl. § 11-9.

2.2.1 Rekkefølgjekrav for infrastruktur [revisjon 15.02.2024]

Rekkefølgjekrav for infrastruktur – før igangsetjingsløyve – område B06, B07, B08, B27, B64, B65, B66, BA08:

Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for nye tiltak innanfor B06, B07, B08, B27, B64, B65, B66, BA08, KBA og BN24 skal kryssområde med rv. 15 vere opparbeidd eller sikra opparbeidd i tråd med N100. Unntak for kravet er tiltak på eksisterande eigedomar som ikkje gir trafikkauke, samt gjenreising av bygning etter naturskade eller brann.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 4.

Rekkefølgjekrav for infrastruktur – før vedtak av detaljregulering – område B27 og SV05:

Før vedtak av detaljregulering av B27 skal det vurderast felles kryss frå rv.15 til områda B27 og LBN068.

I tilknyting til området SV05 skal det sikrast areal til planskilt kryssing av rv. 15, i tråd med krava i handbok N100. Gangbru skal etablerast dersom trafikkmengda på rv. 15 overstig 6000 køyretøy per døgn (ÅDT > 6000).

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 4.

2.2.2 Krav til vurdering av kryss og avkøyrsler [revisjon 15.02.2024] – Område B06, B07, B08, B27, B64, B65, B66

Ved detaljregulering av bustadområda B06, B08, B64, B65, B66, B07 og B27 må tilknytingar (kryss og avkøyrsler) til rv. 15 vurderast opp mot handbok N100 kap. 4.1 gjennom konsekvens-/trafikkanalyse. Ved oppstart av planarbeidet skal N100-versjonen som gjeld ved oppstartsvarselet leggast til grunn. Ved vurdering av trafikkmengder på sekundærveg (kommunal-, privat- og fylkesveg) skal summen av eksisterande trafikk samt berekna nyskapt trafikk i byggeområda ligge til grunn. Handbok V713 skal ligge til grunn ved berekning av nyskapt trafikk. Gjennomføring av naudsynte tiltak i tråd med krava i handbok N100 må sikrast gjennom rekkefølgjekrav, før detaljregulering kan vedtakast.

For B08 må også trafikktilhøve langs kommunal veg Løkjavegen vurderast nærare.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 8.

2.2.3 Dokumentasjon av landskapsverknad [revisjon 15.02.2024] – Område B07, B27, B65, B66

Det er eit krav at landskapsverknad vert dokumentert ved snitt/illustrasjonar og t.d. soldiagram i detaljregulering. I denne dokumentasjonen skal det også gå fram korleis ein tenkjer å forme terrenget i samband med utbygginga.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 8.

2.2.4 Krav om gjenbruk av matjord [revisjon 15.02.2024] – Område B06, B07, B08, B27, B65

Det er krav om gjenbruk av matjord og erstatningsareal ved detaljregulering som omdisponerer dyrka mark, i samsvar med rettleiar om jordflytting i Stad kommune.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 6.

2.2.5 Område B06 Ryssta [revisjon 15.02.2024]

Før detaljregulering kan vedtakast må det gjerast faglege vurderingar av støyforhold ved bygging innanfor støysoner langs Rv 15. Sjå også krav i pkt. 2.2.1, 2.2.2 og 2.2.4.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 8.

2.2.6 Område B65 og B07 Skulehusbakken [revisjon 15.02.2024]

Støysone langs Rv 15 må avklarast med byggegrense, eller nærare fagrapport. Sjå også krav i pkt. 2.2.1, 2.2.2, 2.2.3 og 2.2.4.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 8.

2.2.7 Område B25 Øvre Lid [revisjon 15.02.2024]

Utfordringar knytt til tilkomst og skuleveg, skal vurderast nøyare ved ev. utbygging av området. Seinast ved byggesøknad skal det vere dokumentert korleis terreng og avkøyring vert opparbeidd. For søknadspliktige tiltak innanfor B25 skal kulturminneregistrering vere gjennomført seinast ved byggesakshandsaming.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 8.

2.2.8 Område B27 Åsen [revisjon 15.02.2024]

Tilkomsten til skogsområda vest for B27 skal sikrast, eventuelt oppgraderast skånsomt. Sjå også krav i pkt. 2.2.1, 2.2.2, 2.2.3 og 2.2.4.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 6.

2.3 Område for fritidsbustader

I område der det ikkje er stilt krav om reguleringsplan, jf. pkt. 1.3 og vedlegg 1, vil ei samla utbygging av fire eller fleire fritidsbustadar utløyse krav om reguleringsplan.

Med mindre anna følgjer av reguleringsplan som gjeld før arealdelen skal fritidsbustadar ha eit maksimalt BYA på 120 m^2 medrekna inntil to frittliggjande uthus.

Altanar skal tilpassast bygga, og ligge på terrengnivå. Terrasser, verandaer eller andre konstruksjonar over terreng utan tak i tilknyting til hytta skal ikkje byggjast meir enn 2,5 meter (brutto) utanfor veggliv. Bygging på pålar er ikkje tillate. Takvinkelen skal ligge mellom 25 og 35 grader. Maksimal mønehøgde er 6 meter.

Bygningane skal behandlast med nøytral jordfarge. Tomtestorleik for frådeling til fritidsbustad bør ikkje overskride 1 daa.

Tiltak på fritidsbustadeigedomen skal tilpassast kringliggande bygg og ha gode visuelle kvaliteter, både i seg sjølv og i forhold til fritidsbustadens naturlege omgjevnad og plassering.

I område for LNF-spreidd fritid, gjeld eigne føresegner.

Heimel: Pbl. § 11-9.

2.3.1 Rekkefølgjekrav:

Område BA05, BA06 og BA07 – Hjelmelandsdalen:

Utbygging skal planleggast trinnvis og fyrst i tilknyting til eksisterande byggeområde.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 4.

2.4 Offentleg og privat tenesteyting

Følgjande område skal vere til offentleg tenesteyting:

BOP02 – Norsmona – Offentleg tenesteyting. Reinseanlegg for drikkevatn. Vidareført frå førre planperiode.

Heimel: Pbl. § 11-10 nr.3.

2.5 Råstoffutvinning

Føremålet omfattar område for masseuttak og steinbrot.

Etablering av nye eller utviding av eksisterande masseuttak og/eller steinbrot krev reguleringsplan.

Uttak av mineralske råstoff til eige bruk i LNF-område krev som hovudregel ikkje reguleringsplan. Men det kan bli stilt krav om reguleringsplan.

Heimel: Pbl. § 11-9.

2.5.1 Område BRU05 og BRU06

Dei naturfaglege verdiane i området skal kartleggast og vurderast nærare i samband med reguleringsplan. Kartlegging og vurdering skal utførast av personar med rett fagekspertise.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr.8.

2.6 Næringsområde

Med mindre anna følgjer av reguleringsplan som gjeld før arealdelen vert maksimal BYA sett til 50 %. Maksimal mønehøgde er 9 meter.

Næringsareal/verksemder skal plasserast og utformast slik at dei etter kommunen si vurdering ikkje vil vere til vesentleg ulempe for kringliggjande busetnad eller allmenne interesser.

Heimel: Pbl. § 11-9.

2.6.1 Område BN24 Haugen næringsområde [revisjon 15.02.2024]

Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for nye tiltak skal kryssområde med rv. 15 vere opparbeidd eller sikra opparbeidd i tråd med N100. Unntak for kravet er tiltak på eksisterande eigedomar som ikkje gir trafikkauke, samt gjenreising av bygning etter naturskade eller brann.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 8.

2.7 Idrettsanlegg

Fastlagde ridestiar og løyper etablert i samsvar med fastlagt trase i arealplanen under arealføremålet idrettsanlegg krev ikkje reguleringsplan.

Ved prosjektering og etablering av ridesti og turløyper, skal ein ta omsyn til dei bygde og naturlege omgjevnadane, naturmangfaldet og prinsippa om universell utforming.

Heimel: Pbl. § 11-10.

2.7.1 Skytebaner og skyteområde

Etablering av nye skytebaner/skyteområde eller utviding av eksisterande skytebaner/skyteområder krev reguleringsplan.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 1.

2.8 Andre typar nærare angjevne område for bygg og anlegg

Føremålet omfattar naust og sjøhus med tilhøyrande anlegg som molo og småbåtanlegg, sjøhus for overnatting, og energianlegg.

2.8.1 Naust

I område der det ikkje er stilt krav om reguleringsplan, jf. pkt. 1.3 og vedlegg 1, vil ei samla utbygging av fire eller fleire naust utløyse krav om reguleringsplan.

Dersom ikkje anna er sagt i reguleringsplan som gjeld framfor kommuneplanen, skal naust oppførast i ein etasje med ein maks storleik på 40 m^2. Gavlvegg skal som hovudregel vende mot sjø og ha båtport. Som båtport vert skyveport eller delt hengsla port tillate.

Naustet skal ligge slik til i terrenget at det er naturlig å etablere båtstø eller lundbru til porten.

Nye naust skal plasserast i naturleg samanheng med eksisterande naust, helst på rekkje. Lokalisering som medfører vesentlige landskapsinngrep eller som er i konflikt med strekningar med særskilt natur- eller friluftsverdi vert ikkje tillate.

Nye naust kan oppførast i inntil 1 etasje og maks mønehøgde 6,0 meter frå lågaste golvnivå eller frå normalt høgvatn. Maksimalt bruksareal per naust er BRA = 40 m^2. For nye naust i område med eksisterande naust og sjøbuer skal byggjehøgde og bruksareal tilpassast eksisterande miljø. Det skal nyttast saltak med 35 – 45 grader takvinkel. Takutstikk skal ikkje overstige 0,5 meter, og altan, balkong, terrasse, utkraging eller andre privatiserande bygningsdelar er ikkje tillate.

Nausta skal ha tradisjonell utforming, og material- og fargebruk skal vere tilpassa omkringliggjande bygningar. Det skal leggast særleg vekt på tilpassing der omkringliggjande bygningar er SEFRAK-registrerte. Der fleire naust skal førast opp side om side, må kvar av dei få si individuelle utforming slik tradisjonen er.

Ved etablering av nye naust i område med vegtilkomst, skal det så langt som råd etablerast ein parkeringsplass på nausttomta.

Heimel: Pbl. § 11-9.

2.8.2 Sjøhus

I område der det ikkje er stilt krav om reguleringsplan, jf. pkt. 1.3 og vedlegg 1, vil ei samla utbygging av fire eller fleire sjøhus utløyse krav om reguleringsplan.

Sjøhus er hytte ved sjøen, med særskilt krav til utforming. Første etasje skal ha naustfunksjon, og tene til oppbevaring av båt, fiskeutstyr og anna utstyr knytt til sjøaktivitet.

Der det ligg til rette for det, kan det kan leggast inn straum, vatn- og avløpsanlegg i sjøhusa. Det er ein fordel om slike anlegg vert utført som fellesanlegg for fleire eigedomar.

Sjøhusa kan ha gesimshøgde inntil 4 meter og mønehøgde inntil 6,5 meter, grunnflate ikkje over 60 m^2. Taket skal vere saltak med takvinkel mellom 35 og 45 grader, tekt med takstein eller skifer.

Husa skal ha maritim stil, dvs. utforming som tradisjonell sjøbu eller tilsvarande, med gavlvegg mot sjøen. Det treng ikkje vere vindauge i nausta. Altanar er ikkje lov. Uthus skal ikkje tillatast.

Ved bygging/utfylling i sjøen skal det leggjast vekt på harmonisk utsjånad og naturlege overgangar mellom tilgrensande eigedomar.
Området rundt naustetasjen skal ikkje byggjast ned.

Heimel: Pbl. § 11-9.

2.8.3 Molo

Etablering av mindre moloar som skal tene til sikring mot sjø for enkelteigedomar krev ikkje reguleringsplan.

Storleiken på moloen skal ikkje vere større enn det som er naudsynt for å sikre eigedomen mot stormflo og liknande. Det skal nyttast masser og stein som er vanleg i området der moloen skal førast opp.

Heimel: Pbl. § 11-9 og 11-10 nr. 2.

2.8.4 Småbåtanlegg

Etablering av småbåtanlegg med inntil ti båtplassar krev ikkje reguleringsplan, dersom følgjande føresetnader er tilstade:

1. området har parkering ved anlegget eller i nærområdet med eigna gangtilkomst
2. tiltaket får ikkje vesentlege konsekvensar for miljø eller samfunn

Det skal leggjast vekt på harmonisk utsjånad og naturlege overgangar mellom tilgrensande eigedomar.

Heimel: Pbl. § 11-9 og § 11-10 nr. 2.

2.9 Sentrumsområde for Nordfjordeid

Når regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter skal tolkast skal definert sentrumsområde for Nordfjordeid, vedlegg 5 i planomtalen, leggast til grunn.

Heimel: Pbl. § 11-9.

2.10 Kombinerte bygnings- og anleggsformål [revisjon 15.02.2024]

Område KBA (Lynghaugen)

Føremålet omfattar fritids- og turistformål kombinert med bustad. Det er tillate med inntil 10 utleigeeiningar/landskapshytter, 1 servicebygg med servering, 1 bygg med overnattingsmoglegheit og 1 bygg med høve til bustad, og tilhøyrande infrastruktur.

Det er eit krav at landskapsverknad vert dokumentert ved snitt/illustrasjonar i samband med vidare handsaming av arealbruken. I denne dokumentasjonen skal det også gå fram korleis ein tenkjer å forme terrenget i samband med utbygginga.

Tilkomst og kryss mot rv.15 skal vurderast opp mot handbok N100 kap. 4.1 i samband med detaljregulering av område KBA. Gjennomføring av naudsynte tiltak i tråd med krava i handbok N100 må sikrast gjennom rekkefølgjekrav, før detaljregulering kan vedtakast.

Heimel: Pbl. §§ 11-9 nr. 5 og 8.

3. Landbruks-, natur- og friluftsområde

Føremålet gjeld landbruks-, natur- og friluftsområde med nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytta næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag og areal for spreidde bustad- fritids- eller næringsbygningar mv. , jf. pbl. § 11-7 nr. 5. Tilretteleggingstiltak for friluftsliv er tillate.

3.1. Felles føresegner

Naudsynte bygningar og anlegg for landbruk og gardsbasert næringsverksemd kan oppførast i 100-metersbeltet langs sjø dersom bygning/anlegg vert plassert i tilknyting til eksisterande tunskipnad.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 4.

3.1.1 Retningslinje – Landbruks-, natur- og friluftsområde

Ved søknad om løyve til oppføring av større bygg og tiltak, slik som bustadar, fritidsbygningar, næringsbygg, sjøhus og naust, skal det utarbeidast ein detaljert utomhusplan som viser tomteinndeling, plassering og hovudform på bygningar, parkering, veg og anna infrastruktur. Inkludert høgder på terreng og bygningar. Fasade- og snitteikningar som viser opphavleg og nytt terrengnivå og teikningar som viser terrengplassering i høve til nabobygg skal følgje søknaden, der dette er relevant.

For nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag (jf. 11-7 nr. 5 a)) skal tiltaket vere i tråd med gjeldande rettleiar, noverande Plan- og bygningslova og Landbruk Pluss T-1443. Tilretteleggingstiltak for friluftsliv er tillate.

3.2. LNF-område for spreidd utbygging, jf. pbl. § 11-7 nr. 5 b).

I område med LNF-spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygningar og andre bygningar kan det det gjevast løyve til enkeltvis utbygging, under følgjande føresetnader for lokalisering:

1. Dyrka, dyrkbar jord eller samanhengande innmarksbeite skal ikkje omdisponerast .

2. Eksisterande tilkomstvegar skal nyttast så langt som mogleg. Unntak kan mellom anna gjerast der tiltaket vil gje vesentleg auka trafikk gjennom gardstun. Nye tilkomstvegar skal utformast og plasserast slik at det vert lagt til rette for eksisterand og påreknеleg framtidig bruk.

3. Ved plassering og utforming av tiltak skal det takast omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, jordvern, landskap, terreng og andre allmenne interesser.

4. Tiltak skal ikkje plasserast nærare vassdrag enn 25 meter, rekna frå nivået på høgast flaumvasstand. Det skal takast høgde for auka nedbørsmengder og meir intense nedbørsperiodar.

Søknad om frådeling skal innehalde ein detaljert plan med utgreiing for korleis punkt 1 og 2 ovanfor er tenkt løyst.

I vedlegg 3 er det gitt ei oversikt for kvart enkelt område kva utbygging det er høve til å få løyve til i desse områda.

Heimel: Pbl. 11-11 nr. 1 og nr. 5.

3.2.1 LNF område med høve til spreidd bustadbygging

I desse områda kan det oppførast spreidd busetnad. Lokalisering og omfang går fram av vedlegg 3.

I område der det ikkje er stilt krav om reguleringsplan, jf. pkt. 1.3 og vedlegg 1, vil ei samla utbygging av fire eller fleire bustadar utløyse krav om reguleringsplan. Ei samla utbygging av fire eller fleire bustadar inneber tettbygd utbygging av eit område.

Med mindre anna følgjer av reguleringsplan som gjeld før arealdelen skal bustadeigedomen ha eit maksimalt BYA på 30%. Maksimal mønehøgde er 9 meter. Tomtestorleik for frådeling til bustad bør ikkje overskride 1,5 daa.

Til kvar bustad skal det vere tilfredsstillande uteareal til leik og opphald, jf. pbl. § 28-7 andre ledd.

Tiltak på bustadeigedomen, som til dømes garasjar, skal tilpassast kringliggande bygg og ha gode visuelle kvaliteter, både i seg sjølv og i forhold til bustadens naturlege omgjevnad og plassering. Bustadeigedomen skal ha naudsynt tilkopling for veg, vatn og avløp.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 1 og nr. 2.

3.2.2 LNF med høve til bygging av spreidd fritidsbustad

I desse områda kan det oppførast spreidd fritidsbusetnad. Lokalisering og omfang går fram av vedlegg 3.

I desse områda kan det oppførast spreidd fritidsbygg. Lokalisering og omfang går fram av vedlegg 3.

I område der det ikkje er stilt krav om reguleringsplan, jf. pkt. 1.3 og vedlegg 1, vil ei samla utbygging av fire eller fleire fritidsbustadar utløyse krav om reguleringsplan. Ei samla utbygging av fire eller fleire fritidsbustadar inneber tettbygd utbygging av eit område.

Med mindre anna følgjer av reguleringsplan som gjeld før arealdelen eller følgjer av punkt 3.2.2.1 skal fritidsbustadar ha eit maksimalt BYA på 110 m^2 medrekna inntil to frittliggjande uthus. BYA for fritidsbustadar som ligg til køyreveg, skal ha minimum to oppstillingsplassar per tomt. BYA vert her sett til 120 m^2 medrekna eitt uthus.

Altanar skal tilpassast bygga og ligge på terrengnivå. Terrasser, verandaer eller andre konstruksjonar over terreng utan tak i tilknyting til hytta skal ikkje byggjast meir enn 2,5 meter (brutto) utanfor veggliv. Bygging på pålar er ikkje tillate. Takvinkelen skal ligge mellom 25 og 35 grader. Maksimal mønehøgde er 6 meter.

Bygningane skal behandlast med nøytral jordfarge. Tomtestorleik for frådeling til fritidsbustad bør ikkje overskride 1 daa.

Tiltak på fritidsbustadeigedomen skal tilpassast kringliggande bygg og ha gode visuelle kvaliteter, både i seg sjølv og i forhold til fritidsbustadens naturlege omgjevnad og plassering.

Hyttene skal minimum ha ein avstand til ski- og turveg på 15 meter.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 1 og nr. 2.

3.2.2.1. Bygging rundt omsynssone for kulturmiljø

I område avsett til LNF-spreidd hyttebygging rundt omsynssone for kulturmiljø kan det førast opp ein fritidsbustad med eitt uthus med maksimalt BYA på 80 m^2.

Med mindre anna følgjer av utarbeidd og godkjent VA-plan, ska det ikkje leggjast inn vatn i hyttene. Det kan då monterast utslagsvask.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 1 og nr. 2.

3.2.3 LNF område med høve til spreidd næring

I desse områda kan det oppførast spreidde næringsbygg, inkludert utleigehytter. Lokalisering og omfang går fram av vedlegg 3.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 1 og nr. 2.

3.2.3.1. Næringsbygg

Etablering av næringsbygg på enkelttomter og som ikkje om ikkje vil vere til vesentleg ulempe for kringliggjande busetnad eller allmenne interesser krev ikkje reguleringsplan.

Med mindre anna følgjer av reguleringsplan som gjeld før arealdelen vert maksimal BYA sett til 50 % og maksimal storleik på næringsbygg sett til 350 m^2 . Maksimal mønehøgde på næringsbygg sett til 9 meter. Plassering og utforming av næringsbygg må tilpassast bygde og naturlege omgjevnader.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 1 og nr. 2.

3.2.3.2 Utleigehytter

I område der det ikkje er stilt krav om reguleringsplan, jf. pkt. 1.3 og vedlegg 1, vil ei samla utbygging av fire eller fleire utleigehytter utløyse krav om reguleringsplan. Ei samla utbygging av fire eller fleire utleigehytter inneber tettbygd utbygging av eit område.

Med mindre anna følgjer av reguleringsplan som gjeld før arealdelen skal utleigehyttene ha eit maksimalt BYA på 110 m^2.

Altanar skal tilpassast bygga og ligge på terrengnivå. Terrasser, verandaer eller andre konstruksjonar over terreng utan tak i tilknyting til hytta skal ikkje byggjast meir enn 2,5 meter (brutto) utanfor veggliv. Bygging på pålar er ikkje tillate. Takvinkelen skal ligge mellom 25 og 35 grader. Maksimal mønehøgde er 6 meter.

Bygningane skal behandlast med nøytral jordfarge. Tomtestorleik for frådeling til fritidsbustad bør ikkje overskride 2 daa.

Tiltak på fritidsbustadeigedomen skal tilpassast kringliggande bygg og ha gode visuelle kvaliteter, både i seg sjølv og i forhold til fritidsbustadens naturlege omgjevnad og plassering.

Hyttene skal minimum ha ein avstand til ski- og turveg på 15 meter.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 1 og nr. 2.

4 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

Føremålet gjeld bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone, jf. pbl. § 11-7 nr. 6.

4.1 Felles føresegner

Sjøområdet i kommunen skal berre nyttast til ferdsel, fiske, natur og friluftsformål der ikkje andre formål er spesifisert i plankartet.

I nasjonal laksefjord gjeld restriksjonar knytt til anadrom matfiskeproduksjon – jf. Stortingsvedtak av februar 2003. I desse områda er det forbod mot oppdrett av matfisk av anadrome artar som laks og aure. Område VA03 og VA07 ligg innanfor avgrensinga av nasjonal laksefjord.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 3.

4.1.1 Område V01 Mel

Førekomst av flikmelde skal sikrast ved opparbeiding av område V01 Mel.

Førekomst av flikmelde i området skal kartleggast og vurderast nærare i samband med reguleringsplan. Kartlegging og vurdering skal utførast av personar med rett fagekspertise. Ved regulering av området skal det dokumenterast kva tiltak som er planlagt for å redusere eventuelle skadeverknader for flikmeldelokaliteten.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 8.

4.2 Fiske

Fiskeridirektoratet skal ha søknad om tiltak i område avsett til fiske til uttale før kommunen handsamar søknaden.

I område avsett til fiske er det ikkje tillate med andre tiltak.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 3.

4.3 Akvakultur

Område avsett til akvakulturanlegg skal ha høve til fortøying i land der det er naudsynt.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 3 og nr. 4.

4.4 Drikkevatn

I drikkevasskjelder gjeld restriksjonar etter forskrift om vassforsyning og drikkevann (drikkevassforskrifta).

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 3.

4.5 Småbåthamn

I område avsett til småbåthamn er det høve til å etablere molo eller liknande, også med plass til naust.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 3.

5. Omsynssoner, jf. plan- og bygningslova § 11-8 og utfyllande føresegner og retningslinjer

5.1. Støysone (H210 og H220)

Gjeldande retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging skal leggast til grunn ved handsaming av tiltak nær støykjelder, jf. forureiningslova og tilhøyrande forskrifter.

Støyømfintlege tiltak skal som hovudregel ikkje lokaliserast innanfor kartlagt rød støysone (H210), jf. gjeldande retningslinje.

Ved tiltak innanfor gul støysone (H220) skal det foretas støymålingar. Det skal gjennomførast tiltak mot støy dersom grenseverdiane i gjeldande retningslinje blir overskridne.

Søknad om tiltak i regulert område skal følgjast opp med ny støyvurdering, og om naudsynt støyreduserande tiltak, dersom mangelfull planlegging eller endra føresetnadar tilseie at gjeldande kvalitetskrav ikkje er oppfylt.

Særskilte omsyn skal takast på følgjande område:

1. Støysona kring skytebana på Tua. Vidare utbygging av hytter kan ikkje tillatast i dette området, jf. kapittel 5 i forskrift om begrensning av forurensning.

Heimel: Pbl. §11-8 bokstav a.

5.2 Faresone (H310)

I område som ligg innanfor omsynssone H310 i plankartet (del 2), skal ein ved detaljregulering utføre ei fagkunnig kartlegging og vurdering av skredfare som gjev kunnskap om reell fare som det aktuelle området er utsatt for, dette skal inngå i ROS-analysen. Ved eventuell bygging innanfor fareutsette område, skal det leggjast fram dokumentasjon på korleis god nok tryggleik kan oppnåast ved hjelp av risikoreduserande tiltak.

I frådeling- eller byggesøknad i område som ligg innanfor omsynssone H310 i plankartet (del 2), står søkjar ansvarleg for å dokumentere at det ikkje er reell skredfare basert på ei nærare fagkunnig kartlegging og vurdering og for tiltak for å redusere risikoen. Ved eventuell bygging innanfor fareutsette område, skal det leggjast fram dokumentasjon på korleis god nok tryggleik kan oppnåast ved hjelp av risikoreduserande tiltak.

Ved utarbeiding av reguleringsplanar eller ved søknader om løyve etter plan- og bygningslova innanfor område H310, skal det i område under marin grense gjennomførast geoteknisk utgreiing for å avdekkje om det finst skredfarleg kvikkleire. Det skal dokumenterast at utbygging vil gje tilstrekkeleg områdestabilitet i samsvar med krava i byggteknisk forskrift.

Heimel: Pbl. § 11-8 bokstav a.

5.2.1 Retningslinje for nærare utgreiing - skredfare

Nærare opplysningar om kva form for ras- skredfare som er aktuell i ulike område, er å finne via NVE sine kart.

Ved nærare vurdering av skredfare skal NVE sine til ei kvar tid gjeldande retningslinjer leggast til grunn: NVE retningslinje nr. 2/2011 *Flaum- og skredfare i arealplanar*. Retningslinjene byggjer på føresegnene i plan- og bygningslova og krava til tryggleik mot flaum og skred som er gitt i byggteknisk forskrift (TEK10).

NVE sine til ei kvar tid gjeldane faglege rettleiarar som er knytt til retningslinjene skal ligge til grunn der dette er aktuelt:

1. *Sikkerhet mot kvikkleireskred. Vurdering av områdestabilitet ved arealplanlegging og utbygging i områder med kvikkleire og andre jordarter med sprøbruddegenskaper*
2. *Sikkerhet mot skred i bratt terreng. Kartlegging av skredfare i arealplanlegging og byggesak*

Aktuelle tiltak for å redusere fare i eit område er avhengig av kva type skred området kan vere utsett for. I risiko- og sårbarheitsanalyser vil det difor vere hensiktsmessig å skilje mellom ulike typar skred som grunnlag for nærare kartlegging og tilråding av risikoreduserande tiltak.

5.3 Retningslinjer for sone med særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø

5.3.1 Friluftsliv (H530)

Innanfor område som er lagt inn som omsynssone for friluftsliv, bør det (med sikte på å sikre viktige friluftslivskvalitetar) ikkje tillatast tiltak som hindrar tilgang og bruk av området til friluftsliv.

I desse områda bør det ikkje gjerast tiltak som reduserer området sin verdi som rekreasjonsområde.

5.3.3 Naturmiljø (H560)

Innanfor område som er lagt inn som omsynssone for naturmiljø, bør det (med sikte på å sikre viktige naturmiljøkvalitetar) ikkje tillatast tiltak som reduserer området sin naturmiljøverdi.

Før løyve om tiltak vert gjeve skal naturmangfaldlova §§ 8-12 vurderast særskilt.

[Revisjon 15.02.2024, gjeld særskilt for sone H560 på Løkjaåsen ved Haugen]:
Det skal ikkje gjerast tiltak som hindrar eller reduserer naturverdi og verdi for friluftsliv, eller gjer det mindre framkomeleg på etablerte stiar og vegar. Det skal ikkje gjerast snauhogst i området eller skogrydding med hogst maskiner.

5.3.3 Kulturmiljø (H570)

Innanfor område som er lagt inn som omsynssone for kulturmiljø, bør det (med sikte på å bevare viktige historiske trekk i kulturlandskap og kulturminne) ikkje tillatast riving av bygningar eller gis løyve til større bygge- og anleggstiltak før dei kulturhistoriske verdiane er nærmare kartlagt og eventuelt sikra gjennom føresegner i område- eller detaljregulering.

Der stølar/setrar er merka med omsynssone for kulturmiljø, har bygningsmiljøet spesielt høg verdi som kulturlandskap og kulturminne.

På stølane er det berre tillate å føre opp att bygningar på eksisterande murar, til opphavleg bruk og med tilnærma same utsjånad som den tidlegare bygningen hadde.

5.3.3.1 For H570_40, H570_54, H570_71 og H570_72, gjeld desse retningslinjene:

For desse skal arealforvaltninga skal skje etter same retningslinjer / føresegner som for vanlege LNF-område. Bygging av driftsbygningar og bygningar som er naudsynte for drift av stølen eller utviding av slike bygningar, skal i størst mogleg grad tilpassast eksisterande bygningar på stølen. Breidde, høgde og takvinkel bør følgje byggeskikken på stølen. Bygningane skal vere frittliggjande. Naust kan oppførast som fellesnaust.

Bruttoareal for bygningane skal ikkje overstige 50 m^2 (NS 3940), naust ikkje overstige 25 m^2.

5.3.3.2 For H570_70, gjeld desse retningslinjene:

Det kan gjevast løyve til å føre opp nye bygningar under føresetnad av at bygningen vert plassert og utforma i samsvar med tradisjonen på stølen når det gjeld form, storleik, materialbruk og farge.

Dokumentasjon skal følgje byggjemeldinga. Dersom det er mogleg, skal tidlegare grunnmurar eller tufter nyttast.

Det kan gjevast løyve til utviding av eksisterande bygningar. Utviding bør normalt skje ved påbygging i lengderetninga. Breidde, høgde og takvinkel bør såleis vere som tidlegare. Vinkelbygg bør ikkje tillatast med mindre dette var vanleg på stølen.

Det kan berre oppførast enkle bygningar med grunnflate inntil 50 m^2. I staden for eitt stort sel, bør det vurderast om kan vere betre med eitt mindre nytt sel i nærleiken til det eksisterande.

5.4 Sone for bandlegging

5.5.1 Bandlegging etter lov om naturvern (H720)

Edellauvskog er verna etter lov om naturvern. I desse områda kan det ikkje gjerast tiltak som ikkje er i tråd med forvaltningsplan for området.

5.5.2 Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)

Tiltak kan ikkje utførast i strid med kulturminnelova.

5.4.3. Bandlegging etter andre lover (H740)

Tiltak kan ikkje utførast før eventuell strid med gjeldande lovverk er avklara.

6. Vedlegg

Føresegnene og retningslinjene har følgjande vedlegg:

1. Oversikt over byggeområde - framtidige byggeområde og eksisterande byggeområde med krav om reguleringsplan
2. Oversikt over forholdet mellom arealdel og reguleringsplanar
3. Omfang av utbygging i LNF-område med høve til spreidde bygg, og oversikt over områda

Vedlegg 1: Oversikt over byggeområde

1. Oversikt over framtidige byggeområde

Under er ei oversikt over framtidige byggeområde. Byggeområda er sortert etter arealformål. For å skilje mellom framtidige byggeområde som er vidareført frå førre planperiode og dei som er nye ved denne revisjonen, er byggeområde som er vidareført frå førre planperiode markert med oransje tekst.

